

# Lærerprofesjonens etiske plattform

Vi er én profesjon av førskolelærere, lærere og ledere i barnehage og skole. Vårt samfunnsmandat er å fremme barnehagebarn og elevers læring, utvikling og danning. Våre verdier, holdninger og handlinger påvirker dem vi arbeider for og med. Plattformen er et felles grunnlag for å videreutvikle lærerprofesjonens etiske bevissthet. Alle førskolelærere, lærere og ledere har et ansvar for å handle i samsvar med plattformens verdier og prinsipper.

## Lærerprofesjonens grunnleggende verdier

### Menneskeverd og menneskerettigheter

Vårt arbeid bygger på verdier og prinsipper nedfelt i universelle menneskerettigheter, spesielt FNs konvensjon om barnets rettigheter. Disse rettighetene skal fremmes og forsvares i barnehage og skole. Menneskeverdets ukrenkelighet, den enkeltes frihet og behovet for trygghet og omsorg er grunnleggende.

### Profesjonell integritet

Etisk bevissthet og høy faglighet er kjernen i lærerprofesjonens integritet og avgjørende for å skape gode vilkår for lek, læring og danning. Vår metodefrihet og profesjonelle skjønnsutøvelse gir oss et særlig ansvar for å være åpne om de faglige og pedagogiske valgene vi gjør. Samfunnet skal ha tillit til at vi bruker vår autonomi på en etisk forsvarlig måte.

### Respekt og likeverd

Den enkeltes egenart og personlige integritet fordrer respekt. Det skal ikke forekomme noen form for undertrykkelse, indoktrinering eller fordomsfulle vurderinger. Alle barnehagebarn og elever har rett til medvirkning. De skal ha frihet til å treffe egne valg innenfor fellesskapets rammer.

### Personvern

Overholdelse av taushetsplikt og opplysningsplikt er avgjørende i vårt arbeid. Alle har rett til personvern. Personopplysninger skal forvaltes på måter som verner om barnehagebarn, elever, foresatte og kollegers integritet og verdighet. Mulighetene for elektronisk informasjonsspredning krever særlig kritisk årvåkenhet.

## Lærerprofesjonens etiske ansvar

### I møte med barnehagebarn, elever og foresatte

Vi har ansvaret for tillitsfull samhandling med dem vi jobber for og med. Vår lojalitet ligger hos barnehagebarn og elever for å fremme deres beste. Sannferdig formidling av kunnskap og faglig god tilrettelegging er avgjørende.

### Førskolelærere, lærere og ledere:

- fremmer alle barnehagebarn og elevers muligheter for lek, læring og danning
- arbeider for å være faglig og pedagogisk oppdatert
- er omsorgsfulle og bevisste makten en har i kraft av rolle og posisjon
- er faglig funderte og etisk reflekterte i arbeidet med vurdering
- fremmer likestilling og likeverd
- møter barnehagebarn, elever og foresatte med respekt
- griper inn og verner barnehagebarn og elever mot krenkelser, uavhengig av hvem det er som utfører dem
- møter kritikk med åpenhet og faglige argumenter

### For arbeidsplassen

Vi er kunnskapsrike, ansvarlige og tilstedeværende voksne i barnehagebarn og elevers liv. Som kollegium har vi et felles ansvar for å utvikle et godt utdanningstilbud og for å fremme og videreutvikle vår profesjonalitet.

### Kollegiet:

- tar initiativ til etisk refleksjon og dialog med alle ansatte på arbeidsplassene
- samarbeider om å videreutvikle kunnskaper, ferdigheter og etisk dømmekraft, både internt og i samspill med utdannings- og forskningsmiljøer
- skaper og deltar i en positiv samhandlingskultur der alles synspunkter lyttes til og tas på alvor
- er lojale mot egen institusjons mål og retningslinjer så langt disse samsvarer med samfunnsmandatet og vår profesjonsetiske plattform
- arbeider i åpenhet og tilrettelegger for innsyn fra berørte parter
- respekterer andres kompetanse og erkjenner grensene for egen faglighet
- støtter og tar medansvar når kolleger møter særlige utfordringer i arbeidet
- tar ansvar for å finne gode løsninger, og om nødvendig varsle, når det oppdages kritikkverdige forhold på arbeidsplassen

### For barnehage og skole som samfunnsinstitusjoner

Vi er forpliktet på verdiene i barnehagen og skolens samfunnsmandat, slik disse gjennom demokratiske vedtak er nedfelt i lov- og planverk. Den enkelte førskolelærer, lærer og leder deler profesjonens ansvar for å fremme barnehagen og skolens formål.

### Profesjonen:

- viser mot og målbærer tydelig samfunnsmandatet
- bruker ytringsfriheten og deltar aktivt på faglige og utdanningspolitiske arenaer
- står imot press fra aktører som vil gjøre barnehagebarn og elever til midler for sine mål
- tar ansvar for å varsle når rammevilkår skaper faglig og etisk uforsvarlige tilstander
- tilstreber godt samarbeid, uten at vi påtar oss oppgaver som tilhører andre profesjoners fag- og kompetansefelt
- går ikke på akkord med verdiene i samfunnsmandatet, vårt kunnskapsgrunnlag eller lærerprofesjonens etiske plattform

**Førskolelærere, lærere og ledere er forpliktet på denne plattformen og kan aldri unndra seg sitt profesjonelle ansvar.**

# Lærerprofesjonen si etiske plattform

Vi er éin profesjon av førskulelærarar, lærarar og leiarar i barnehage og skule. Samfunnsmandatet vårt er å fremje læringa, utviklinga og danninga til barnehageborn og elevar. Verdiane, haldningane og handlingane våre påverkar dei vi arbeider for og med. Plattformen er eit sams grunnlag for at lærerprofesjonen skal halde fram med å utvikle etisk medvit. Alle førskulelærarar, lærarar og leiarar har eit ansvar for å handle i samsvar med verdiane og prinsippa i plattformen.

## Lærerprofesjonen sine grunnleggjande verdiar

### Menneskjeverd og menneskerettar

Arbeidet vårt byggjer på dei verdiane og prinsippa som er nedfelte i universelle menneskerettar, særleg konvensjonen til SN om born sine rettar. Desse rettane skal vi fremje og forsvare i barnehage og skule. Det er grunnleggjande at menneskjeverdet ikkje skal krenkjast, at kvar og ein har fri-dom og behov for tryggleik og omsorg.

### Profesjonell integritet

Etisk medvit og fagleg dugleik er kjernen i lærerprofesjonen sin integritet og avgjerande for å skape gode vilkår for leik, læring og danning. Vår fri-dom til å velje metodar og vår profesjonelle utøving av skjønn gir oss eit særleg ansvar for å vere opne om dei faglege og pedagogiske vala vi gjer. Samfunnet skal ha tillit til at vi bruker autonomien vår på ein etisk forsvarleg måte.

### Respekt og likeverd

Den einskilde sin eigenart og personlege integritet manar til respekt. Det skal ikkje finne stad noko form for undertrykking, indoktrinering eller fordomsfulle vurderingar. Alle barnehageborn og elevar har rett til medverknad. Dei skal vere frie til å treffe egne val innanfor rammene til fellesskapet.

### Personvern

Å halde på teieplikta og opplysningsplikta er avgjerande i arbeidet vårt. Alle har rett til personvern. Personopplysningar skal forvaltast slik at integriteten og verdet til barnehageborn, elevar, føresette og kollegaer vert verna om. Vi må vere kritisk årvakne når det er mogleg å spreie informasjon elektronisk.

## Lærerprofesjonen sitt etiske ansvar

### I møte med barnehageborn, elevar og føresette

Vi har ansvaret for tillitsfull samhandling med dei vi arbeider for og med. Lojaliteten vår ligg hos barnehageborn og elevar for å fremje deira beste. Sannferdig formidling av kunnskap og fagleg god tilrettelegging er avgjerande.

### Førskulelærarar, lærarar og leiarar:

- fremjar vilkåra for leik, læring og danning til alle barnehageborn og elevar
- arbeider for å vere fagleg og pedagogisk oppdaterte
- er omsorgsfulle og medvitne den makta ein har i kraft av rolla og posisjonen sin
- er fagleg funderte og etisk reflekterte i arbeidet med vurdering
- fremjar likestilling og likeverd
- møter barnehageborn, elevar og føresette med respekt
- grip inn og vernar barnehageborn og elevar mot krenkingar, uavhengig av kven det er som utfører desse
- møter kritikk på ein open måte og med faglege argument

### For arbeidsplassen

Vi er kunnskapsrike, ansvarlege og nærverande vaksne i barnehageborn og elevar sine liv. Som kollegium har vi eit sams ansvar for å utvikle eit godt utdanningstilbod og for å fremje og vidareutvikle profesjonaliteten vår.

### Kollegiet:

- tek initiativ til refleksjon og dialog med alle tilsette på arbeidsplassen
- samarbeider om å vidareutvikle kunnskapar, dugleik og etisk dømmekraft, både internt og i samspel med utdannings- og forskingsmiljø
- skaper og tek del i ein positiv samhandlingskultur der ein lyttar til og tek på alvorleg synspunkta til alle i kollegiet
- er lojale andsynes måla og retningslinene til eigen institusjon så lenge desse samsvarar med samfunnsmandatet og den profesjonsetiske plattformen vår
- arbeider ope og legg til rette for innsyn frå partar som arbeidet gjeld for
- respekterer andre sin kompetanse og erkjenner grensene for eigen fagkunnskap
- støttar og tek medansvar når kollegaer møter særlege utfordringar i arbeidet
- tek ansvar for å finne gode løysingar og om nødvendig varsle når det vert oppdaga kritikkverdige tilhøve og handlingar på arbeidsplassen

### For barnehage og skule som samfunnsinstitusjonar

Vi er forplikta av verdiane i samfunnsmandatet for barnehagen og skulen slik desse er nedfelte i lov- og planverk gjennom demokratiske vedtak. Den einskilde førskulelærer, lærar og leiar deler profesjonen sitt ansvar for å fremje barnehagen og skulen sine føremål.

### Profesjonen:

- syner mot og målber tydeleg samfunnsmandatet
- bruker yringsfritid og deltek aktivt på faglege og utdanningspolitiske arenaer
- står imot press frå aktørar som vil gjere barnehageborn og elevar til verkemiddel for egne mål
- tek ansvar for å varsle når rammevilkår skaper tilhøve som ikkje er fagleg og etisk forsvarlege
- fremjar godt samarbeid, utan at vi tek på oss oppgåver som høyrer til faga og kompetansefelt til andre profesjonar
- går ikkje på akkord med verdiane i samfunnsmandatet, kunnskapsgrunnlaget vårt eller lærerprofesjonen si etiske plattform

**Førskulelærarar, lærarar og leiarar er forplikta på denne plattformen og kan aldri fri seg frå det profesjonelle ansvaret.**